

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2022/1134-41

**Saksbehandlar**

Rune Helland

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2024/27	Plan teknikk og miljøutvalet	11.06.2024
2024/86	Kommunestyret	20.06.2024

## Detaljregulering for del av 131/4 og 123/13 - Turistanlegg - Uskedalen - planID 20220004 (2021/3531) - 2. gangs behandling

### Innstilling frå kommunedirektøren:

Kommunestyre i Kvinnherad kommune godkjenner forslag til detaljregulering for del av gnr. 131/4 og 123/13, Turistanlegg- Uskedalen, planID 20220003 med heimel i [plan- og bygningslova \(pbl\) § 12-12.](#)

Det er føresett oppheving av delar av følgjande plan, avgrensa til det området der dei to planane dekker same areal:

- Reguleringsplan for turistanlegg Uskedalen -131/2,4 og 123/13, planID 4617\_20110010

Administrasjonen gjevast fullmakt til å gjere tekniske justeringar i plandokumentata som ikkje skal endra på innhaldet i planen.

Rettskavarar og naboar skal underrettast i samsvar med reglane, og planen skal kunngjerast i lokalpressa og i kommunen sine elektroniske medium. Grunnlaget for kommunal eigengodkjenning er til stades.

### Plan teknikk og miljøutvalet si behandling i møte den 11.06.2024:

BEHANDLING:

Kommunedirektøren si innstilling vart einstemmig vedteken.

INNSTILLING FRÅ PLAN, TEKNIKK OG MILJØUTVALET:

Kommunestyre i Kvinnherad kommune godkjenner forslag til detaljregulering for del av gnr. 131/4 og 123/13, Turistanlegg- Uskedalen, planID 20220003 med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 12-12.

Det er føresett oppheving av delar av følgjande plan, avgrensa til det området der dei to planane dekker same areal:

☒Reguleringsplan for turistanlegg Uskedalen -131/2,4 og 123/13, planID 4617\_20110010

Administrasjonen gjevast fullmakt tl å gjere tekniske justeringar i plandokumenta som ikkje skal endra på innhaldet i planen.

Rettskavalar og naboar skal underrettast i samsvar med reglane, og planen skal kunngjerast i lokalpressa og i kommunen sine elektroniske medium. Grunnlaget for kommunal eigengodkjenning er til stades.

## **Kommunestyret si behandling i møte den 20.06.2024:**

### **BEHANDLING:**

#### Habilitetsvurdering:

Jostein Saghaug, MDG, er nabo til reguleringsområdet og medeigar i sameiget som har elverettar i den delen av Uskedalselva som inngår i reguleringsplanen. Representanten Jostein Saghaug, MDG, er å rekna som part i saka og blir inhabil, jf forvaltningslova § 6 første ledd bokstav a.

Jostein Saghaug gjekk frå møtet under behandlinga.

#### Avrøysting:

Plan, teknikk og miljøutvalet si innstilling vart einstemmig vedteken.

### **VEDTAK:**

***Kommunestyre i Kvinnherad kommune godkjenner forslag til detaljregulering for del av gnr. 131/4 og 123/13, Turistanlegg- Uskedalen, planID 20220003 med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 12-12.***

***Det er føresett oppheving av delar av følgjande plan, avgrensa til det området der dei to planane dekker same areal:***

☒Reguleringsplan for turistanlegg Uskedalen -131/2,4 og 123/13, planID 4617\_20110010

***Administrasjonen gjevast fullmakt tl å gjere tekniske justeringar i plandokumenta som ikkje skal endra på innhaldet i planen.***

***Rettskavalar og naboar skal underrettast i samsvar med reglane, og planen skal kunngjerast i lokalpressa og i kommunen sine elektroniske medium. Grunnlaget for kommunal eigengodkjenning er til stades.***

### **Vedlegg**

- 1 DReg Rabben 121223-A0-L.pdf**
- 2 Føresegner mai 2024.pdf**
- 3 Planomtale des 2023.docx**
- 4 4842137\_1\_1.PDF**
- 5 Rabben Camping uttale.docx**
- 6 Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn - detaljregulering - turistanlegg Uskedalen - planID 20220004 - Kvinnherad kommune.pdf**
- 7 Referat fra dialogmøte 15.03.2024.pdf.pdf**

8 Motsegn - reguleringsplan - Kvinnherad 131\_\_4 og 123\_13 - detaljregulering for turistanlegg Uske.pdf

9 Trekker motsegn - Reguleringsplan - Kvinnherad 131\_\_4 og 123\_13 - detaljregulering for turistanl.pdf

### Saksopplysningar:

**PlanID:** 4617\_20220004  
**Forslagsstillar:** Rabben Feriesenter as  
**Plankonsulent:** ABO plan og arkitektur Stord as v/ Merete Refstie Hageberg

### Historikk:

02.12.2021	Dato planinitiativ
24.02.2022	Oppstartmøte
25.03.2022	Varsla oppstart
20.04.2022	Merknadsfrist
02.11.2023	Undervegsmøte
14.12.2023	Endeleg planforslag motteke i kommunen
23.01.2024	Vedtak i plan, teknikk og miljøutvalet om utlegging på høyring
31.01.2024	Utlekking på høyring og offentleg gjennomsyn
13.03.2024	Høyringsfrist
22.03.2024	Forlenga høyringsfrist
15.03.2024	Dialogmøte med Statsforvaltaren
21.03.2024	Statsforvaltaren varslar motsegn
30.05.2024	Statsforvaltaren trekker motsegn

### Saka gjeld/Samandrag:

Saka gjeld reguleringsplan for vidareutvikling av Rabben feriesenter og deler av området til Øyro Marina og camping. Samstundes skal friområdet forberast, og det skal leggast til rette for ålmentas tilgang til og bruk av dette.

### Saksutgreiing:


#### Om planen og planområdet

Hovudføremålet med planen er å leggja til rette for utvikling og vidare drift av Rabben feriesenter med tilgrensande areal. Planen omfattar òg deler av Øyro Marina og Camping sitt areal, og tek opp korleis dei to verksemda kan virke saman.

Området er i gjeldande KPA vist med faresone for flaum (H230\_9). Dette utløyser behov for å oppgradera området for å sikra drift inn i framtida.

Planarbeidet endrar delar av gjeldande reguleringsplan for turistanlegg Uskedalen planID 20110010.

#### Lokalisering og avgrensing



Lokalisering



Planavgrensing

### Planstatus og føresetnader

Planskildringa gjer reie for ein rekke nasjonale og regionale føringar som er viktig i alt planarbeid. Det nemnast og ein rekke kommunale planar og føringar. Forholdet til høyringsutkastet for KPA er ikkje nemnd i planskildringa, men har vore tatt opp i prosessen.

### Gjeldande aeradel KPA

I gjeldande kommuneplan (2018) er planområdet sett av til område der vedteken reguleringsplan skal gjelda saman med kommuneplanen. Ved motstrid gjeld kommuneplanen framføre reguleringsplan. Hovudføremålet på land er LNRF-areal framtidig og næringsverksemd. Området er vist med faresone flaumfare (H320\_9), støysone langs Fv. 500, bevaring kulturmiljø langs Uskedalselva og forbodsgrense mot sjø. Føremålet småbåthamn er innsnevra i forhold til reguleringsplanen.

### Høyringsforslag til KPA

I høyringsforslaget til rulling av KPA er område for småbåthamn utvida, og samsvarar nå meir med gjeldande reguleringsplan, slik at det ikkje lengre er motstrid mellom gjeldande reguleringsplan og kommuneplanen.

### Gjeldande reguleringsplan

Gjeldande reguleringsplan for området er planID 201100010, reguleringsplan for turistanlegg Uskedalen- 131/3,4 og 123/13, i kraft frå 20.05.2011. Planen har føremåla bevertning/ herberge, campingplass og småbåtanlegg.

### Vurdering av planforslaget

Planforslaget er i det store og heile i samsvar med kommunale, regionale og nasjonale interesser.

### Topografi og landskap

Planområdet ligg ved utløpet av Uskedalselva. Området er solrikt sumarstid, og godt eigna til føremålet.

### Kulturminne

Det er ikkje registrert kulturminne innaføre plangrensen. Planområdet grenser til Uskedalen kyrkje.

## Naturverdiar

Planskildringa gjer grundig reie for naturverdiar i og rundt planområdet. Ikkje registrert forhold som har innverknad på planen.

## Verdi som grønstruktur

Planområdet ligg sentralt i nærleiken av Uskedalen sentrum. Gjeldande reguleringsplan visar badeplass. Det er kartlagde friområde innanføre planområdet.



Figur 13 Kartlagde friluftslivsområde. Planområde synt med raud ring.

## Sjø og strandsona

Store delar av planområdet ligg innanfor 100-metersbeltet i frå sjø. Det ligg hytter, servicebygg og campingområde innanfor 100-metersbeltet i dag. Store delar av arealet innanfor området er definert som tilgjengeleg strandsona.

## Folkehelse, born og unge sine interesser

Området vert nytta av barn- og unge i samband med opphald på campingområdet. Det er òg ein del frå nærområdet som nyttar strandområdet til bading og sjøaktivitetar

## Universell utforming

Planområdet er forholdsvis flatt, og det er lett å ta seg rundt og orientere seg på området. Dei fleste vegane innanfor området er asfaltert eller grusa. Servicebygga er tilrettelagt med universell tilkomst. Det er ikkje universell tilkomst til strandsona/badeområdet.

## Landbruk

Det vert ikkje drive landbruk innanføre planområdet. Tilgrensande område som er avsett til tilsvarande føremål i KPA er fulldyrka.

## Trafikk

Planområdet har i dag tilkomst i frå kommunal Sandavegen. Øyro Marina og Camping har vegtilkomst frå veg langs elva i sør.

## Teknisk infrastruktur

Uskedalen Vassverk leverer vatn til området. Avløp vert ført til reinsing på Børneset.

## Grunnforhold

Området består for det meste av avsetningar frå elva. Det er gjennomført vurderingar om kvikleire. Området er under marin grense og derfor i aktsemdsområde for kvikkleireskred, men ikkje fareområde for kvikkleire i nærleiken. Ein kan ikkje utelukka marin leire under avsetningane frå elva. Like aust for planområdet er det tydeleg fjell i dagen. Området er relativt flatt med helling mindre enn 1:20. Ut frå kriteria i NVE sin rettleiar er det lite fare for områdeskred i planområdet.


Stabilitetsforhold i strandsona har vorte vurdert. Elva fører med seg nye material ut i sjø, og sandbanken er i stadig endring. Bilete frå Norge i Bilder syner korleis endringa skjer:



Figur 21: 1981




1993




Figur 22: 2003



2006



Figur 23: 2013



2018

## Flaum

Norconsult gjennomførte i 2019 flaumsonekartlegging i Uskedalselva. I følge denne vert planområdet påverka av 20-års, 200-års- og 1000-årsflaum, inkl. 40 % klimpåslag. I 2021, i samband med framtidsscenario for Rabben feriesenter, vart det gjennomført ytterlegare flaumvurderingar og vurderingar av flaumsikringstiltak av Norconsult



Flaumkart. Rabben feriesenter.

NVE har erosjonssikringsanlegg i Uskedalselva. Det meste av elvesida inn mot planområdet er sikra.

## Forureining

Ikkje skadeleg støynivå

Ingen næring eller industriverksemd som skapar særskilt luftforureining

## ROS

ROS- analyse er gjennomført. Ingen område vist som særleg kritisk. Auka aktsemd i forbindelse med flaum, springflo og overvasshandtering.

## Næring

To ulike firma driv liknande verksemd innan same område.

## Eigedomstilhøve

Følgjande eigedomar ligg innanfor planområdet: gnr./bnr. 123/13 og 131/4, delar av 123/21, 123/50, 123/113, 123/116, 123/311, 123/382 og 131/3.

Eigedom	Eigar
123/13	Rabben Feriesenter AS
123/21	Kvinnherad kommune
123/50	Kvinnherad kommune
123/113	Kvinnherad kommune
123/116	Kvinnherad kommune
123/311	Vestland fylkeskommune
123/382	Kvinnherad kommune
131/3	Elin Enes
131/4	Rabben Feriesenter AS

# 1 Planframlegget



Figur 28 Plankart datert 12.12.2023

## Bygningar og anlegg

Føremål: campingplass, småbåtanlegg i sjø og vassdrag og leikeplass

Det er eksisterande bygningar og anlegg på campingplassen. Føringer i reguleringsplanen vert styrande for nye tiltak, og for tiltak unntatt søknadsplikt. I føremåla BC1, BC7 og BC8 er det tillate med plattingar og fortelt, men begrensingar på kor omfattande dette kan vere. BC2 er for hytter. BC4 og BC9 er for døgnplassar, utan faste installasjonar. BC 4 er for nye hytter. BC5 og BC 6 er for eksisterande og utvida servicefunksjonar.

Føremålet for småbåtanlegg er endra etter dialog mellom eigarane. Ein tidlegare versjon av planen la opp til eit småbåtanlegg tilpassa gjeldande KPA. Dette svarar til det som er bygd, men er ein avgrensing i høve til gjeldande reguleringsplan. Høyringsutkast til KPA er tilpassa reguleringsplanen. Då dette var kjelde til konflikt er dette småbåtanlegget teke ut or planen. Det anlegget som framleis gjeld er berekna for ein enkel flytebrygge der Rabben feriesenter har sine båtar liggjande.

## Samferdsle og teknisk infrastruktur

Føremål: Køyreveg, fortau, gangveg, anna veggrunn- grøntareal, parkeringsplassar

Inne på området er det regulert noko nytt vegareal, slik at det er mogeleg å kome med lastebil gjennom området ned til eksisterande småbåthamn nord for området. Vegen langs elva kan framleis nyttast, men fylket har signalisert at de seinare ynskjer å stenge krysset ved brua. Når dette skjer kan småbåthamna få tilkomst gjennom Rabben sitt område.

Det er regulert gangvegar internt på campingplassen. Desse er opne for køyring til dei ulike campingområda, og kan nyttast som turvegar for ålmenta.

Det er regulert tre ulike parkeringsareal. SSP1 er offentleg parkering i tilknytning til Uskedalen sentrum.

## Grønstruktur

Føremål: Blågrønstruktur, naturområde, friområde

Friområdet skal vere opna for allmenta. Det kan gjerast tiltak for vbedlikehald og oppgradering av erosjonskjerming langs sjø. Det skal og vere mogeleg med tilrettelegging for universell utforming,

og for tiltak som bocciabane, leikeapparat, grillplass, bord og benker. Campingområdet på odden langs elva, som var vist i gjeldande plan, er teke bort til fordel for friområdet.

### **Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone**

Føremål: Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, friluftsområde i sjø og vassdrag.

Fri ferdsle med småbåtar. Friområdet skal vere fritt tilgjengeleg for ålmenta, og kan nyttast til sjø og vassdragsaktivitetar.

### **Omsynssoner**

Frisiktsone, raud støysone, gul støysone, flaumfare, bevaring av naturmiljø.

For området for flaumfare gjeld at det har større årleg sannsyn enn 1/200. Innanfor sona er det ikkje tillate med nye tiltak som aukar flaumfaren i området eller områda rundt. Nye bygningar for varig opphald innanfor området skal etablerast med innvendig golv på min. kote + 2,9.

### **Føresegnsoner**

Vilkår for bruk av arealer bygninger og anlegg

For etablering av ein møteplass kor det kan byggast ein platting på pålar/søyler.

### **Rekkefølgekrav**

Teknisk infrastruktur skal vere omsøkt og godkjent før igangsetting av nye bygningar og tilhøyrande anlegg. Det skal òg gjevast bruksløyve for infrastrukturen før det kan gjevast bruksløyve for desse tiltaka.

### **VA rammeplan**

Det er utarbeida ein vann og avløpsplan som følger planen.

### **Verknader av planframlegget**

#### **Landskap/terreng**

Planframlegget regulerer ei maksimal byggehøgde på 9 meter. Dette gjeld for områda BC5 og 6 – serviceområdet sentralt på campinga. Hyttene på campinga er regulert med maks byggehøgde på 8 meter. Dette vil føye seg fint inn og underordne seg eksisterande bygningar i kringliggjande område. Campingområdet ligg noko lågare i terrenget enn kyrkja, og kringliggjande terreng og busetnad, og vil difor ikkje verta markante i landskapet

#### **Strandsone/ vassdrag**

Det vert ikkje opna for nye større utfyllingar i sjø og vassdrag innanfor planområdet. Det er likevel opna for å oppdatera erosjonsskjerminga langs sjøen, og etablering av ein strandpromenade. Tiltak i området vil ikkje påverke strandsoneverdiane i særleg grad. Den vil vere ein forbetring i høve til gjeldande plan. Ålmentas tilgang til strandsona vil bli betra.



Figur 35 Strandsona, med store steinar som plastring. Viser bruk til camping som skal takast bort.

## **Naturmangfald**

Planen vil ikkje vere i konflikt med føresegna i naturmangfaldsloven

### **1.1 Kulturminne/ kulturmiljø**

Ingen kulturminne vert direkte råka av reguleringa.

Det er satt ein avgrensing i kotehøgde for campinghyttar for å ikkje kome i konflikt med Uskedalen kyrkje i fjernverknaden.

## **Friluftssinteresser**

Føresegnene gir at areala skal vera opne for ålmenta. Kva gjeld tilgang til Uskedalselva vil ikkje tiltaket føre til endringar i høve til dagens situasjon. Ein har såleis teke i vare og vidareført friluftssinteressene knytt til Granen og Uskedalselva.

## **Sosial infrastruktur og universell utforming**

Det vert ikkje lagt til rette for universell tilgjenge til strandsona, då dette vil krevja inngrep ein ikkje ynskjer i dette området. Fylgje av forhandlingar etter motsegn.

## **Eigedomsinngrep**

Eigedomstilhøva i området er avklarte. Dei to eigarane av areala innanfor planområdet er einige om drifta av areala og samarbeider godt ilag. Kvinnherad kommune er eigar av vegareala som utgjer tilkomst til feriesenteret, samt tilgrensande areal ved Uskedalen kyrkje.

## **Omsyn til naboar**

Nye tiltak innanfor planområdet vil i liten grad ha innverknad på naboeigedomar

## **Energibehov**

Energiforsyninga i området er i utgangspunktet fult utnytta. Ved behov for meir kapasitet til feriesenteret må det setjast inn tiltak med forsterking av nettet. Avbøtande tiltak kan vere etablering av solcelleanlegg, sjølv om òg dette krev kapasitet i nettet for sal av overskotsstraum.

## **Trafikk**

Noko auka trafikk på Strandavegen

## Planprosess og medverknad

Oppstartsmøte med Kvinnherad kommune vart halde 24.02.2021 Varsel om oppstart av planarbeidet vart kunngjort i *Grenda og Kvinnherdingen*, og på Kvinnherad kommunen si nettside. Grunneigarar og naboar som er part i saka, og offentlege mynde vart varsla med brev. Det har kome 9 merknader til planoppstart.

31.01.2023 kom det inn ein kommentar frå Øyro Marina og Camping om at dei ikkje var blitt høyrd, og at deira interesser ikkje var ivareteke i planforslaget, og kommunen blei bedne om å ikkje gå vidare med saken før forholdet var avklara.

Kommunen tok dette opp med plankonsulent, som vart oppfordra til å finne løysingar der interessa til Øyro Marina og Camping vart ivareteke.

Nokon tankar om slike løysingar vart sendt kommunen 08.06. 2023

Det vart avhalde eit undervegsmøte 2. november 2023, kor òg Øyro Marina og Camping ved Geir Enes var til stades. Ein vart samd om løysingar som ligg til grunn for planforslaget. Endeleg planforslag vart sendt kommunen 14.12.2023

Utover oppstartmelding med påfølgande merknader og dialog med direkte rørt nabo/ kommunen har det ikkje vore særskilte aktivitetar for medverknad

Plan- teknikk- og miljøutvalet i Kvinnherad vedtok 23.01.2024 å leggje planforslaget ut på høyring og offentlig ettersyn. Varslingsbrev vart sendt ut 31.01.2024 med merknadsfrist 13.03.24. Høyringsfristen blei forlenga til 22.02.2024. Annonse vart kunngjort i *Grenda og Kvinnheringen*, og planforslaget blei gjort tilgjengeleg på kommunens heimeside . Det er kome 4 merknadar etter høyringsrunden, 3 frå offentlege instansar, og 1 frå ein foreining.

Statsforvaltaren varsla munnleg at dei vurderte motsegn, og ba om utsett høyringsfrist og eit dialogmøte med kommunen. Forslag til endra føresegnar frå dialogmøtet blei presentert for forslagsstillar, som då først meinte at han ville trekke saken. Etter ein tid har det vore dialog med forslagsstillar/ plankonsulent på den eine sida og statsforvaltaren på den andre. Føresegna som førte til at statsforvaltaren har trekt motsegnet kjem forslagsstillaren i møte på at det skal vere mogeleg å vedlikehalde eksisterande erosjonsvern mot sjø.

Rettshavarar og naboar skal vidare underrettast om godkjenning av planen i samsvar med reglane. Dette med opplysningar om rett til å klage, og planen skal kunngjerast i lokalpressa og i kommunen sine elektroniske medium.

Planforslaget med vedlegg vert lagt fram for Plan, teknikk og miljøutvalet i samsvar med delegeringsreglement, og deretter sendt til Kommunestyret for godkjenning.

## Merknadar

Avsendar	Merknad	Kommentar
NVE	Flaumfare Føresegn 7.4.2 endrast slik at krav knytt til flaumsikker	Tas til fylgje

	<p>høgde viser til tryggleiksklasse F2</p> <p>Øg areal som blir tilrettelagt for t.d. campingvigner må ta omsyn til flaumfarren, då desse utgjer betydelege verdiar som kan gå tapt.</p> <p>For nye tiltak er det ikkje tilstrekkeleg med organisatoriske tiltak, men det må sikrast med fysisk tilrettelegging som å unngå å nytta flaumutsett areal, å heva til sikker høgde, nytte flaumvoll eller teknisk tilpasse tiltaket slik at det tålar flaum</p>	
<p>Vestland fylkeskommune</p>	<p>Arkitektur og estetikk</p> <p>Kommentar til mønehøgde</p> <p>Friluftsliv og strandsone</p> <p>Positivt at det leggst til rette for ålmentas bruk av strandsona.</p> <p>Unngå permanente tiltak som kan verke privatiserande i strandsona.</p> <p>Oppmoa om at heller ikkje BC8 og BC9 får permanente tiltak</p> <p>Kulturminne og kulturmiljø</p> <p>Her visast, noko meir utfyllande, til same argumentasjon som under</p>	<p><b>Tas til fylgje.</b></p> <p>Mønehøgde er redusert, og det er satt krav til kotehøgde på møne</p> <p><b>Tas til fylgje.</b></p> <p><b>Tas ikkje til fylgje.</b></p> <p>Som fylgje av handsaming av motsegn frå statsførvaltaren vert det ikkje opna før nokon form for camping i friområda, korkje permanent eller ikkje permanent. Som ein kompensasjon for dette får BC 9 ens føresegner med BC8.</p> <p><b>Tas til fylgje.</b></p> <p>Mønehøgde er redusert, og det er satt krav til kotehøgde på møne.</p>

	<p>arkitektur og estetikk. Ynskjer avgrensing av byggehøgder. Kritiserer at illustrasjon ikkje visar tillatne byggehøgder.</p> <p><b>Samferdsle</b></p> <p>Ynskjer eksisterande avkøyrslø ved brua stengt.</p>	<p>Det er kunn tillate å bygge i ein etasje. Høgden var valt for å mogeleggjere å løfte hyttane i terrenget for flaumsikring.</p> <p><b>Tas ikkje til fylgje.</b></p> <p>Avkøyrslø ved brua er utanføre planområdet, og tener føremål utanføre planområdet. Planen er ikkje avhengig av denne avkøyrslø, og legg opp til å kunne fungera òg om denne i framtida blir stengt.</p>
Statsforvaltaren i Vestland	<p><b>MOTSEGN</b></p> <p>Statsforvaltaren fremmar motsegn til at planen opnar for etablering av strandpromenade, utfylling i sjø og andre tiltak i areal sett av til LNF /Bruk og vern av sjø og vassdrag innanfor omsynssone (H560_17) for bevaring naturmiljø i kommuneplanen.</p> <p>Statsforvaltaren fremmar motsegn til at planen opnar for dropin/døgnplassar på friområdet i areal sett av til LNF-formål innanfor omsynssone (H560_17) for bevaring naturmiljø langs Uskedalselva i kommuneplanen.</p>	<p><b>Tas till fylgje</b></p> <p>Føresegn er endra i forståing med forslagsstillar, motsegn trekt</p> <p><b>Tas till fylgje</b></p> <p>Føresegn er endra i forståing med forslagsstillar, motsegn trekt</p>
Naturvernforbundet i Kvinnherad	<p>Naturvernforbundet i Kvinnherad bed difor om at elvedeltaet i Uskedalselva, saman med tilhøyrande strandsone, må takast vare på akkurat slik det ligg i dag. Det må heller ikkje leggjast til rette for ferdsle som vil uroe fuglane. Det bør òg vurderast</p>	<p><b>Tas delvis til fylgje</b></p> <p>Det vert ikkje tillate med fysiske tiltak i friområdet langs strandsone/ elvedelta. Det vert tillate å oppretthalde og vedlikehalde eksisterande erosjonsvern mot strandsona. Deltaet er elles i kontinuerleg endring som fylgje av</p>

	å setja opp ein høg hekk eller eit gjerde på nordsida av deltaet.	<b>avleiringar og erosjon. Desse naturlege prosessane skal hindrast i minst mogleg grad, og ikkje konserverast i dagens form.</b>
--	---	---

### **Endringar etter høyring og offentleg ettersyn**

Føresegna har vorte endra som fylgje av merknader og motsegn. Einaste endringa i plankartet er at byggegrense i friområdet er teke bort.

Sjølv om det berre er tillate med campinghytter i ein etasje, opna føresegna for mønehøgde opp til 8 meter. Grunnen for dette er at det kan vere naudsynt å lyfte hyttane grunna flaumsikring. Vestland fylkeskommune viste i merknad til at dette kan få estisk uheldige konsekvensar, og at så høge bygg kan kome i konflikt med kyrkja slik den står fram i fjernverknaden. Tillatne høgder er difor redusert. Då omsynet til flaumsikring berre gjeld hyttar som står lågast i terrenget, er det òg tatt inn ein avgrensing på kotehøgde for mønet.

Grunna motsegn frå statsforvaltaren vert det ikkje tillate å gjere bygningsmessige tiltak i strandsona. Det vert heller ikkje tillate å nytta friområde til camping. Friområdet skal vere tilgjengeleg til bruk for ålmenta.

#### **Økonomisk berekraft:**

Planen vil ikkje ha direkte økonomiske konsekvensar for kommunen utanom eventuell opparbeiding av parkeringsplass og oppmerking av vegbane ved kryssområdet ved Sandavegen. Planen vil føre til betre vilkår for drift av feriesenter. Moglegheit for nokre arbeidsplassar.

#### **Miljømessig berekraft:**

Det er ikkje gjort direkte vurderingar av verknad for CO<sub>2</sub>- reknskapet, men planen forventast ikkje å ha vesentleg negativ påverknad.

Området ligg slik til at verknader av klimaendringar, som meir nedbør og stigande havnivå, kan ha kritisk påverknad for framtidig bruk som campingplass. Einaste verknaden av dette er at deler av området då kan bli ubrukeleg til føremålet. Ingen bustader eller andre permanente innretningar vil bli skadelidende.

#### **Sosial berekraft:**

Føremåla i planen konkurrerer ikkje med andre føremål. Utvidinga og utviklinga av friområda vil gje lågterskel tilbod til ålmenta, med nærleik til Uskedalen sentrum. Campingplassen vert gjerne nytta i samband med store sosiale arrangement, som til dømes Festidalen.

### **Berekraftsmål nr 17 – om samarbeid**

Det endelege planforslaget bygger på godt samarbeid mellom forslagstillar, kommune og råka nabobedrift. Det har vore ein nær dialog med statsforvaltaren om trekking av motsegn. Òg dette har vore opplevd som døme på godt samarbeid

### **Konklusjon**

Etter ei heilskapleg vurdering av alle opplysningar i saka, og vurderingar for og i mot, finn Kommunedirektøren at det er eit godt planforslag som ligg føre. Då ein har funne ein god løysing på motsegn som var fremma av statsforvaltaren, og motsegna nå er trekte i samråd med forslagsstillar kan planen leggjast fram for endeleg behandling i kommunestyret.